



William Hut i Dønhaugkjedlaren laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**65 uskedelingar og andre fekk oppleva ein stor songar og songskapar i Dønhaugkjedlaren laurdag kveld.**

Det er ikkje lite smigrande for Magne Huglen og Uskedalen at artistar av eit slikt format som den kritikkaroste bergensaren William Hut stiller opp på vår lokale, intime arena. Her i landet har han også spela for eit fullstappa Oslo Spektrum og hatt konsert med Bergen Filharmoniske Orkester!

75 minutter vara konserten til mannen med den fantastiske røysta og han vart vel motteke. Men Hut er også ein var artist og han stiller store krav både til seg sjølv og til tilhøyrarane. Han krev ro og innleving. Typisk nok kom han med denne replikken då det vart litt for mykje uro: - Ta det med ro, ellers blir eg irritert! Og etterkvart let publikum seg disiplinera i imponerende grad.

Hut presenterte nesten utelukkande songar som han har skreve sjølv og det innebar at konserten var ei samanhengande lenkje av melodios og vakker popmusikk. Naturleg nok var landeplaga "Take it easy" som han kom med ved årsskiftet 2005/2006 eit høgdepunkt. Men Hut bladde også tilbake i repertoaret og sluttnummeret

var eit anna høgdepunkt – det var songen som han innleia solokarriera si med og som han spelar i alle konsertane sine..

Hut er ikkje ein mann som tek i bruk billige effektar – han står der musikalsk sett naken med sin akustiske gitar og si utrulege røyst. Og han gjev heile tida noko av seg sjølv - utan primadonnanykker.

Av Ola Matti Mathisen



65 opplevde Hut på Dønhaug – fleire var det ikkje plass til. (Foto: Ola Matti Mathisen)